

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 12.05.2015

YMSE

Følgjande utdrag frå saksprotokoll vart lagt fram for Opplærings- og helseutvalet:

«Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 07.05.2015

RS415: Hordaland fagskulestyre v/administrasjonen sender skriv til fylkesrådmannen v/Opplærings- og helseutvalet som tydeleg målber styret si uro over at Rådet for offentlige fagskoler (RFF) uttalar seg i sterk kontrast til det majoriteten av FFU meiner.»

Opplærings- og helseutvalet slutta seg til fagskulestyret sitt vedtak i saka.

Vedk. Mulighetsstudie på Hjeltnes

Opplærings- og helseutvalet ber om ein statusrapport til neste møte i OPHE.

OPEN TIME

Representanten **Børge Lunde** stilte følgjande spørsmål:

«Prosedyrer og prinsipp kring overtaligheit. Ansiennitet/oppseieleg stilling. Forskjell? Forrang ?
Reelle tilbud? Kva kan arbeidstakar takke nei til?
Omfang – korleis er prosessen?
Skyv ein ut andre tilsette på andre skular, eller går ein inn i ein vakanse? Ansiennitet?
Kven har arbeidsgjevaransvaret mellom arbeidstilhøve/arbeidsplass? Lønsansvar?
Uoppseieleg stilling: Er dette knytta til ein fast arbeidsstad eller gjeld dette i høve til HFK?».

Spørsmålet vart oversend administrasjonen.

Representanten **Anette N. Dybvik** stilte spørsmål vedk. avvikling av skriftleg eksamen og russetida.

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet.

Representanten **Aslaug Hellesøy** stilte spørsmål om status vedk. tannhelseplanen.

Representanten **Bjørnar Hamre** stilte spørsmål vedk. ei evt. overføring av tannhelsetenesta frå Helse- og omsorgsdepartementet til Kommunaldepartementet.

Representanten **Toralv Mikkelsen** stilte spørsmål vedk. akuttberedskap innan tannhelse.

Fylkestannlegen svar på spørsmåla.